



Det Kongelege Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2007/2663	9548/2007	A10	OBA/OKL	20.12.2007

**HAREID KOMMUNE SIN UTTALE I HØVE ENDRINGSFORSLAGA TIL
BARNEHAGELOVA.**

Syner til høyringsbrev datert 31.10.2007 der de ber om merknader til høyringsnotatet innan 03.januar 2008 .

Levekårsutvalet i Hareid kommune, Møre og Romsdal, har i møte den 17.12.2007 kome med ein uttale i høve endringsforslaga til barnehagelova. Sjå vedlegg.

Med helsing

Oddrun Eidem Kleppe

Oddrun Eidem Kleppe
områdeleiar

Vedlegg: Melding om vedtak frå Levekårsutvalet i møte 17.12.2007.

Kopi:



MELDING OM VEDTAK

frå

LEVEKÅRSUTVALET

I MØTE 17.12.2007

Saksnr 2007/2663	Løpenr. 9473/2007	Klassering A10	Avd / sakshandsamar OBA/ OKL	Dato 18.12.2007
---------------------	----------------------	-------------------	---------------------------------	--------------------

LKU sitt vedtak:

Levekårsutvalet i Hareid kommune, Møre og Romsdal, har følgjande uttale i høve endringsforslaga til barnehagelova.

1. Individuell rett til barnehageplass.

Hareid kommune tek til vitande at lovfesta rett til barnehageplass for born som har fyllt 1 år, no vert foreslått. Kommunen er klar over dei plikter fastsettinga av rett til barnehageplass fører til. Kommunen vil likevel peike på at det vil vere vanskeleg å fastsetje kor mange barnehageplassar som vil verte etterspurde til ei kvar tid. Kommunane treng difor tid til omstilling og det må bli lagt til rette for at kommuneøkonomien kan tåle ei viss overdekking i talet på plassar. Vi vil halde på ordninga med eitt hovudopptak i året.

Skal ein ha rett til eit godkjent barnehagetilbod, må rekrutteringa til førskulelæreryrket styrkjast.

2. Rammefinansiering.

Hareid kommune rår til at ein held fast på dagens ordning med øyremerka tilskot til drift av barnehageplassar. Ein har erfaring med at overgang til rammefinansiering, totalt fører til redusert overføring av midlar og ein vil såleis ha eit dårlegare grunnlag til drift av barnehageplassar.

Ved eventuell overgang til rammefinansiering må det skje på ein måte som:

- Sikrar full utgiftsdekning for kommunane.
- Sikrar den einskilde kommune høve til å ha ei viss overdekning i talet på plassar.
- Er nøytrale med tanke på fordeling mellom kommunale og ikkje-kommunale plassar.
- Sikrar at ein har tilgjengeleg administrative ressursar til å sakshandsame lovendingane.

3. Finansiering av ikkje-kommunale barnehageplassar.

Ved eventuell innføring av rammetilskot, må også overføringa av tilskot til dei ikkje-kommunale barnehagane gå gjennom kommunen. Ein rår då til at alternativ 3 vert teke inn i lovteksta, då denne gir kommunen høve til å regulere om ein kan gi tilskot til nyetableringar og dermed kan regulere tilbod om plassar etter faktisk behov. Dette alternativet gir også ei best



HAREID KOMMUNE
Område for barnehage

**mogeleg lik fordeling av ressursar til ikkje-kommunale barnehagar landet
over og dermed lik kvalitet på barnehagetilbodet.**

Hareid, 18.12.2007

Rett utskrift:

Oddrun Eidem Kleppe
Oddrun Eidem Kleppe
Utvalsekretær

Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering

Postadresse:
Rådhuset
6060 HAREID

Besøksadresse
Rådhuset
Rådhuset

postmottak@hareid.kommune.no
Telefon:
70095000

Telefaks:
700 95 107

www.hareid.kommune.no
Org. nr: 964979278
Bankgiro: